

**Rep.sak 10-20      Referatsaker**

Tilråding til vedtak

Representantskapen tar referatsakene til orientering

*Saksutgreiing:*

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

- Mail av 26 februar til Einar Heimdal i SSR
- SSR: Vegen vidare etter VAR konferansen 2020. datert 07.02.2020.
- SSR: Møtereferat frå VAR prosjektet 2020/2021 datert 10.03.20
- Melding om siste prisutviklinga for papir. (De-ink) 31.03.20.
- Mail frå kommuneforlaget om registrering av verv og interesser i Styreregisteret.
- Brev til Ørsta Kommunestyre 12.02.20 om oppfølging av kommunestyrevedtak 85/19
- Brev til Volda Kommunestyre 12.02.20 om oppfølging av kommunestyrevedtak 16/19
- Brev av 12.02.2020 vedkomande orientering til ordførarar og kommunedirektørar i Volda og Ørsta vedkomande spørsmål om samarbeid / samanslåing av VØR med andre renovasjonsselskap.
- Vedtak i styresak 22-20 Hentefrekvens sanitært avlaupsvatn i tett tank for fritidshus utan innlagt vatn.
- Mail frå NFFA vedk. seperat innsamling av Farleg avfall
- E-postutveksling med Eldar Engelund vedkomande Covid-19 tiltak på VØR.



Petter Bjørdal  
Dagleg leiar

kopi styret

**Petter Bjørdal**

---

**Fra:** Petter Bjørdal  
**Sendt:** 26. februar 2020 09:59  
**Til:** 'Einar Heimdal'  
**Kopi:** Jostein Husøy; Lars M. Fugledal (lmf@arim.no); heidi.tandberg@vanylven.kommune.no; Terje Kolstad  
**Emne:** SV: Oppfølging etter VAR-konferansen - Mandat / prosjekt

Hei  
Viser til telefonsamtale måndag vedkomande dette. Først av alt så synes vi det er prisverdig at SSR tar på seg eit meiransvar i regionen for å utvikle meir bærekraftige løysingar for slamhandsaminga. Her er nok å ta tak i. Mange anlegg opererer med avvik, her er områder der det er kort mellom husa men langt mellom tankane og slammet som vert samla inn vert transportert over lange avstandar til slutthandsaming.  
Slik delegasjonen til VØR er, ligg likevel ansvaret for mykje av dette, til kommunane. VØR sitt ansvar er knytt til innsamlinga, sluttbehandling og rapportering til kommunane om avvik, og der gjer vi det vi er bedt om og litt til. For sluttbehandlinga sin del planlegger vi å ta med ei eiga linje i biogassanlegget som vi planlegger for på Melsgjerdet. Så vil høyring, handsaming hos Fylkesmannen og kostnadskalkyle vise om det vert høve for.

VØR er for tida inne i ei periode der mykje skjer, og der vi må prioritere våre ressursar. Vi ser derfor ikkje at vi kan delta på dette arbeidet som de inviterer inn til, akkurat no. Til hausten derimot kan vi delta om det er ynskje om vår deltaking då.

Dei ekstra oppgåvene som må løysast denne våren er følgjande:  
Frå nyttår som var tok vi over renovasjon og slaminnsamling i Hornindal. Sjølv om innsamling glir greitt, manglar det fortsatt ein del på den administrative delen som må på plass. Mellom anna har vi ikkje fått over elektroniske opplysningar om tankar og anlegg for slam, i Hornindal.

Kommunane gav oss ei ny forskrift knytt til fritidshusrenovasjon frå nyttår, som inneber inndeling av våre knapt 2000 fritidseigedomar i ulike kategoriar utifrå standard på fritidshusa. Dette er ei ordning dei hadde i Hornindal, og som no er gjort gjeldande for resten av Volda og Ørsta. Det handlar om likebehandling av våre abonnentar, så dette må og på plass så raskt som råd og seinast i løpet av denne våren.

Vi held og på med ISO 9001 sertifisering av selskapet, og har fått sertifiseringsdato sist i mai. Her er det litt til som må på plass, før alt er klart.

Vi har no fått klarsignal med Fylkesmannen på at reguleringsplanen for Melsgjerdet er godkjent. Konkurransgrunnlaget på bygging må ut så raskt som råd, og likeeins må Løyvesøknad på etablering av Biogass anlegg sendast.

Styret og representantskap har vidare vedteke at vi skal delta i utgreiingsarbeid med omsyn til samanslåing / utvida smarbeid ÅRIM og RIR. Arbeidet er i gang, og det skal leverast ei felles tilråding til representantskapa rett etter ferien. Dette er og ei omfattande oppgåve, som er oppstarta og som vi må delta i.

Med visning til det som står ovanfor, ber eg om forståing for at prioriteringa vår. Og som skrive kan vi opne for deltaking til hausten.

Med venleg helsing



**Petter Bjørdal**  
Dagleg leiar

Dir.tlf: 474 58 132  
priv: 932 15 901  
petter@vor.no

**Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS**

Tlf: 70 04 86 00  
www.vor.no

**Fra:** Einar Heimdal <einar@reinhaldsverket.no>

**Sendt:** 7. februar 2020 10:46

**Til:** Lars M. Fugledal (lmf@arim.no) <lmf@arim.no>; Petter Bjørdal <petter@vor.no>; heidi.tandberg@vanylven.kommune.no; Terje Kolstad <terje.kolstad@vanylven.kommune.no>

**Kopi:** Jostein Husøy <jostein@reinhaldsverket.no>

**Emne:** Oppfølging etter VAR-konferansen - Mandat / prosjekt

God føremiddag!

Takk for sist og takk for ein interessant konferanse med mange gode innspel !

Vedlagt finn de (etter innspela under presentasjonen) eit redigert mandat til veggen vidare og i første omgang etablering av ei prosjektgruppe. Eg føreslår at de i løpet av eit par veker – og seinast i løpet av mandag 24. februar d.å. – gir meg ei tilbakemelding på om de a) vil vere med i prosjektet og b) kven som blir med i prosjektgruppa (namn på person i organisasjonen dykkar). De ser i mandatet kven det er vi har i tankane. De ser også ein redigert tidsplan for veggen vidare.

Deretter er det tenkt å ha første møte i prosjektgruppa i veke 10/2020 (2/3 – 6/3).

Vi høyrer frå dykk når de har fått sett på og vurdert saka.

Ha ei flott helg!

Mvh  
Einar Heimdal  
SSR

# Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

## Vegen vidare etter VAR-konferansen 2020

### MANDAT/PROSJEKT

#### 1. Bakgrunn for prosjektet

Sunnmøre slit med å halde oppe ein høg standard på slamhandteringa i regionen. Ansvar for slamhandteringa ligg både på dei tre avfallsselskapa på Sunnmøre og på kommunane. Det gjer at ansvaret tidvis også kan framstå som både fragmentert og utydeleg. Dette er ikke ein tilfredsstillande situasjon for Sunnmøre – landets mest innovative, høgteknologiske og verdiskapande område!

Marknadssituasjonen innanfor slamhandtering tilseier at noko må gjerast fort. Nye og strenge statlege og andre offentlegrettslege miljøkrav bygg også under dette.

#### 2. Formål med prosjektet

a) Prosjektet skal avdekke status, moglegheiter og løysingar for den framtidige slamhandteringa i regionen og samstundes tilfredsstillende nasjonale framtidige berekraftmål og framtidige krav frå kommunene.

Forslaget skal omfatte innovative løysingar gjennom heile verdikjeda for slamhandteringa - dvs. også nedstraumsløysingar. Det skal søkjast på offentlege støtteordningar.

Den føreslåtte løysinga skal ivareta omsynet til innbyggjarane, miljøet og eigarkommunane og også ivareta kostnadseffektive løysingar.

b) Prosjektet skal også føreslå selskapsrettsleg organisering av den føreslåtte måten å handtere slam på i framtida.

#### 3. Tidsplan og organisering

##### a) Prosjektgruppa

Prosjektgruppa består av følgjande (5 stk.):

Dagleg leiar (prosjektleder) og slamansvarleg i SSR, slamansvarlege i ÅRIM og VØR + ein representant frå Vanylven kommune.

##### b) Styringsgruppa

Styringsgruppa består av følgjande (5 stk.):

1 styremedlem frå SSR (leiar), 1 styremedlem frå VØR, 1 styremedlem frå ÅRIM og 2 utpeikte kommunalsjefar teknisk. Prosjektleiar er sekretær for styringsgruppa.

**c) Referansegruppe ( 9 stk):**

Referansegruppa består av ordførarane / varaordførarane frå dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre + 2 frå ÅRIM-regionen. Gruppa vel sjølv leiar. Prosjektleiar er sekretær for styringsgruppa.

**d) Tidsplan og politisk forankring**

Prosjektgruppa vil utarbeide eit endeleg forslag til mandat for prosjektet på første møte - og seinast 10. mars 2020.

Prosjektet skal deretter fremjast til behandling i representantskapet i deltakande selskap innan 30. mai 2020. Før behandling i det enkelte representantskap, bør prosjektet behandlast politisk i den enkelte kommune.

Gitt positive vedtak i aktuelle representantskapet og kommunar, er det estimert følgjande framdrift:

- Prosjektgruppa leverer ei innstilling før 30. november 2020.
- Styringsgruppa leverer ei godkjend innstilling før 28. februar 2021.
- Innstillinga blir deretter behandla i det enkelte representantskap etter forutgåande politisk behandling. Dette bør finne stad innan 30. mai 2021.

Styringsgruppa og referansegruppa blir involverte med jamne mellomrom i prosessen. Gruppene nyttar eksterne ressursar ved behov.

Deltakere ber sjølve kostnadane ved deltaking i prosjektet.

Foreløpig vedtatt 31.01.2020

## VAR-prosjektet 2020/2021 for Sunnmøre

### Oppstartmøte tirsdag 10. mars 2020 hos SSR i Ulsteinvik

#### Prosjektgruppa og på møtet:

- Einar Heimdal, dagleg leiar SSR, prosjektleiar VAR-prosjektet
- Jostein Husøy, diplomøkonom, slamansvarleg SSR
- Lars M. Fugledal, sivilingeniør, slamansvarleg ÅRIM
- Heidi Tandberg, ingeniør, slamansvarleg Vanylven kommune
  
- Medlem frå VØR – etter ferien 2020 (ikkje på møtet – blir på kopilista)

#### Formålet med prosjektet:

- a) Prosjektet skal avdekke status, moglegheiter og løysingar for den framtidige slamhandteringa i regionen og samstundes tilfredsstillende nasjonale framtidige berekraftmål og framtidige krav frå kommunene.

Forslaget skal omfatte innovative løysingar gjennom heile verdikjeda for slamhandteringa - dvs. også nedstrømsløysingar. Det skal søkjast på offentlege støtteordningar.

Den føreslåtte løysinga skal ivareta omsynet til innbyggjarane, miljøet og eigarkommunane og også ivareta kostnadseffektive løysingar.

- b) Prosjektet skal også føreslå selskapsrettsleg organisering av den føreslåtte måten å handtere slam på i framtida.

Det skal også etablerast ei styringsgruppe og ei referansegruppe. Prosjektgruppa kjem med forslag til samansetting av desse gruppene.

1. **Styringsgruppa** blir valgt ut av styra i dei interkommunale selskapa og av kommunalsjefen i Vanylven kommune. Sistnemnde kan gjerne sjølv vere medlem i styringsgruppa. Styringsgruppa bør ikkje overstige 5 medlemmer.
2. **Referansegruppa** blir valgt ut av representantskapa i dei interkommunale selskapa og av formannskapa i kommunane elles. Referansegruppa bør ikkje overstige 9 medlemmer og medlemmene bør vere politikarar som sørgjer for politisk forankring av prosjektet.

Prosjektleiar er også sekretær for styringsgruppa og referansegruppa.

#### Timeplanen vidare:

- Innan **20. april 2020** leverer prosjektgruppa følgande til sine overordna (styre, daglege leiarar, kommunalsjefar, etc.):
  - Formålet med prosjektet
  - Statusrapport
  - Framdriftsplan
  - Forslag til medlemmer i styringsgruppa og i referansegruppa

- Innan **30. mai 2020** vedtak om å gjennomføre prosjektet (eller ikkje gjennomføre prosjektet) i dei respektive representantskapa og formannskapa. Før desse vedtaka blir gjort bør kanskje forslaget behandlast politisk i dei respektive kommunane.
- Prosjektgruppa leverer ei innstilling før **30. november 2020** til styringsgruppa.
- Styringsgruppa leverer, etter tett konsultasjon med referansegruppa, ei innstilling til dei respektive representantskapa og til formannskapa før **28. februar 2021**.
- Politisk behandling hos alle involverte selskap og kommunar før **30. mai 2021**.

**Vegen vidare for prosjektgruppa på kort sikt – frist: 20. april 2020:**

Tema til kort utgreiing:	Ansvarleg i prosjektgruppa:	Kort status:
Status for kontroll og forureining vedr. avløp i kommunane på Sunnmøre	Lars Heidi	Husk å ta med feittavskiljarar og sandfangkummar. Kategoriane silslam, silgods, ristgods, etc. må også nemnast – m.a.o. situasjonen på reinseanlegg.
Status for slam-tømningsmarknaden på Sunnmøre	Einar	
Status for løysingar nedstraums for slam på Sunnmøre	Lars	
Moglege innovative løysingar for heile verdikjeda	Jostein Heidi	Vurder olivinsand i sandfilter m.m. Diskuter også litt med Jets Vacuum.
Framtidige nasjonale og lokale krav og mål for slamanlegg (og for behandling av slam)	Lars	
Omsynet til miljø, innbyggjarar, eigar-kommunane og kostnadseffektive løysingar	Jostein Einar	Nemn reinseanlegg her også.
Selskapsrettsleg organisering av slamhandtering i framtida	Einar	Gjeld både oppstraums og nedstraums. Nedstraums er biogassanlegget på Melsgjerdet i Ørsta først på prioriteringslista.
Medlemmer i styringsgruppa og i referansegruppa	Alle kjem med forslag til møtet 7/4-20	Styringsgruppa bør ikkje overstige 5 medlemmer. Referansegruppa bør ikkje overstige 9 medlemmer.

Innhaldet i matrisa ovanfor skal vere kort og konsist – nærast stikkordmessig. Dei store utgreiingane kjem når alt er vedtatt og vi er i gang (les: før ferien 2020).

**Neste møte i prosjektgruppa blir tirsdag 7. april 2020 kl. 13.00 hos SSR i Ulsteinvik.**

## Petter Bjørdal

---

**Fra:** Einar Heimdal <einar@reinhaldsverket.no>  
**Sendt:** 12. mars 2020 13:17  
**Til:** Lars M. Fugledal (lmf@arim.no); Heidi Tandberg; Jostein Husøy  
**Kopi:** Petter Bjørdal  
**Emne:** VAR-prosjektet Referat 10 mars 2020  
**Vedlegg:** 0380\_001.pdf

God ettermiddag og takk for sist!

Vedlagt finn de referatet frå møtet vi hadde på tirsdag. Som avtalt, blir neste møte **tirsdag 7. april 2020 kl. 13.00 hos SSR** (m.a.o. i påskeveka).

Petter frå VØR er med på lista for at dei skal halde seg orienterte – og sidan dei truleg kjem med i prosjektet etter ferien.

Send gjerne over (via e-post) status og prioriteringane dykkar som skal inn i høgre kolonne i matrisa i god tid før møtet – dersom det er mogleg. Hvis ikkje, tar vi det på møtet.

Ha ei fin veke vidare og god helg når den kjem snart – og hald dykk unna alt som liknar på virus!

Mvh  
Einar H.  
SSR



Notat til representantskapet


Frå dagleg leiar

31.03.2020

### **Melding om prisutvikling**

Prisane på levert papir forverrar seg månad for månad. Pris for mars er no kr 510,- pr tonn levert Ålesund for utskipping. Dette er ei forverring av prisane på ein månad på kr. 100,- pr tonn.

Kostnad for utsortering av plast kjem i tillegg.



Petter Bjørdal

Dagleg leiar

## Petter Bjørdal

---

**Fra:** registertjenester@kommuneforlaget.no  
**Sendt:** 24. februar 2020 11:25  
**Til:** Petter Bjørdal  
**Emne:** Registrering av verv og interesser i Styrevervregisteret

Til: Petter Bjørn Bjørdal, Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS i Ørsta kommune

Hei!

Du mottar denne e-posten fordi din kommune, ditt fylke, eller det offentlig eide selskap du er tilknyttet, har valgt å bruke KS' styrevervregister.

For å styrke kommunesektorens omdømme, er det viktig å skape åpenhet om hvilke roller enkeltpersoner i kommunen, fylkeskommunene eller kommunale selskaper har.

KS' styrevervregister er et webbasert register som skal gi oversikt over folkevalgtes, lederes og styremedlemmers verv og økonomiske interesser.

Det innhentes automatisk opplysninger om den enkelte folkevalgte eller leder i alle kommuner og fylker - fra Kommuneregisteret, fra Enhetsregisteret og Foretaksregisteret i Brønnøysund.

I løpet av 2020 vil Styrevervregisteret også hente inn opplysninger fra Aksjonærregisteret.

Du som får denne e-posten kan også selv legge inn relevant informasjon om andre roller, verv eller interesser. For kommunale bedrifter må generalforsamling først vedta å tilslutte seg Styrevervregisteret.

Du kan kontrollere, oppdatere og legge til opplysningene om dine verv og interesser fra nettsiden [www.styrevervregisteret.no](http://www.styrevervregisteret.no), under menyvalget «Logg inn for vervinnehavere». Her logger du på med ID-porten til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi).

Registeret er åpent tilgjengelig for allmennheten.

Med vennlig hilsen

KS  
Postboks 1378 Vika  
0114 Oslo

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS  
Torvmyrane 29  
6160 Hovdebygda

Ørsta Kommunestyre  
ved Ordførar Stein Aam  
postmottak@orsta.kommune.no

Dykkar ref: Arkivsak 19/10513

Vår ref: Petter Bjørdal

Dato: : 12.02.2020

## **Sak: Oppfølging av kommunestyresak 85/19. Forvaltningsrevisjon av Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR)**

Kommunestyret i Ørsta gjorde slikt vedtak i sak 85/19 den 31.10.2019.

Vedtak:

- 1. Kommunestyret tek selskapskontrollen av Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR IKS) del 1 og 2 til vitende*
- 2. Kommunestyret ber om at VØR IKS følger revisor sine anbefalingar i del 1.*
- 3. Kommunestyret ber rådmannen leggje fram ny sak om Rutinar for kommunen si eigarstyring, med utgangspunkt i Kommunenes Sentralforbund (KS) sine anbefalingar.*
- 4. Kommunestyret pålegg representantskapet (Ørsta sine medlemmer) å sjå til at VØR følger revisor sine anbefalingar i del 1, og gir tilbakemelding til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet innan 15.03.2020.*

### **Representantskapet**

Representantskapet sin leiar har på bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak punkt 4, bedt dagleg leiar i VØR å gjere greie for kva tiltak som vert sett i verk for å etterleve kommunestyret sitt vedtak. innan fristen som kommunestyret har sett, 15.03.2020.

### **Oppfølging av forvaltningsrevisjon delrapport 1 og 2.**

I vedtaket punkt 2. ber kommunestyret om at VØR skal følgje opp punkta i delrapport 1 og kommunen i delrapport 2. Når vi går ned i dei einskilde punkta ser vi at delrapport 1 og delrapport 2 rettar seg dels mot kommunen og dels mot VØR sin verksemd.

Vi har derfor valt å kommentere alle punkta i begge rapportane, og gjort greie for kva tiltak VØR har sett i verk og kva tiltak vi meiner ligg til kommunen å følgje opp.

I teksta nedanfor har vi utheva i kursiv og feit skrift tilrådingane vedtekne i kontrollutval / kommunestyre. VØR sitt svar til punktet kjem direkte etterpå.

## **Delrapport 1.**

- a) Opplæring av kommunestyrerepresentantane i rolla som eigar av selskap.***

Svar: Dette punktet er adressert til VØR, men vi ser det slik at dette må rette seg mot kommunen som eigar av både VØR og andre selskap kommunen har eigarskap i.

**b) *Utarbeiding og framlegging av eigarskapsmelding for kommunestyret (dette vert eit krav etter den nye kommunelova).***

Svar: VØR har vidareutvikla sin eigarskapsmeldinga slik at den no strengt følgjer KS sin anbefaling. Eigarskapsmeldinga vert lagt ved Årsmelding og Rekneskap som del av årsoppgjeret 2019. Meldinga er planlagt godkjent i Representantskapet i VØR den 28 april, og sendt over til kommunane etter det.

**c) *Jamleg revidering av styringsdokumentar og avtalene som regulerer styringa av dei ulike selskapa.***

Svar: VØR vil i løpet av 2020 verte sertifisert i høve den internasjonale kvalitetsstandard ISO 9001. Retura Søre Sunnmøre vart godkjent med ISO sertifikat i 2016. Årleg revisjon av styringsdokumenta som her er nemnde, er ein del av den dokumentasjonen som kravst for å oppnå ISO sertifikat. Avtalane som regulerer styringa av dei to selskapa har vore årleg handsama i dei to selskapa sine styre sidan Retura Søre Sunnmøre AS vart stifta, og vil og vere det i framtida.

**d) *Eigarmøte***

Svar: VØR stiller på eigarmøte når kommunestyra som eigar ber om det. Vi håper eigar kan sette av tid til dette minst ein gang pr. år.

**e) *Vedtaksfesting av frist for innkalling til møta i representantskapet.***

Svar: Dette er lovfesta i lov om Interkommunale selskap, og sentral lova har i juridisk forstand, rang framfor lokal selskapsavtale. Frå og med andre halvår 2019 er dette gjennomført konsekvent, og vil verte vidareført i tråd med lovteksten i IKS lova sjølv om selskapsavtalen truleg ved ein inkurie, har kortare innkallingsfrist.

**f) *Bruk av valnemnd ved val av styre.***

Svar: Representantskapet i VØR konstituerte seg i møte 16.12.2019. På møtet valde dei ei valnemnd som no er i arbeid.

**g) *Tiltak som kan bidra til å sikre nødvendig kompetanse i styra og betre oppfølging t.d. i form av styreinstruks, eigenevaluering, styreseminar om roller, ansvar og oppgåver, årleg plan for styret og samla utgreiing om styring og leiing av selskapet i ein årsrapport.***

Svar: Styreinstruks vert å godkjenne av representantskapet på møtet 28 april som ein del av overordna styringsdokument i VØR. Dette går inn som del av ISO godkjenninga av VØR. Jfr. Punkt c) ovanfor.

Styret har gjennomført årleg eigenevaluering siste seks åra. Hovedtema i eigenevalueringa har vore roller, ansvar og oppgåver og gjennomført som eit seminar. Likeeins er det i same perioden kvart år, laga ein plan for styret som syner kva aktivitetar ein planlegg å gjennomføre for det komande året, og det er laga oversyn over saker handsama. Eigenevaluering og aktivitetsplan vert no samla til ein årsrapport om styring og leiing og lagt fram for representantskapet i samband med framlegging av dei andre årsrapportane.

**h) *Bruk av numerisk vararepresentantar til styre***

Svar: Dette vert å innarbeide i instruks for valnemnda og vedteke av representantskapet.

*i) Faste rutinar i styret for å handtera moglege habilitetskonfliktar*

Svar: Habilitet er omhandla i kommunelova § 13-3 og § 11-10 og i Forvaltningslova kap. II § 6 -§ 10. Vi opplever at styret sine medlemar gjennom år har utvist gode kunnskapar om habilitetsreglane. Og det er viktig at dette vert handtert korrekt i høve truverdet til vedtak fatta i VØR. Punkta vert derfor tatt inn som del av styreinstruks.

*j) Diskusjon i kommunestyret om kva for prinsipp som skal liggja til grunn for godtgjering av styreverv.*

Svar: Dette er ei sak som kommunestyra må ta, og som VØR sitt styre og administrasjon ikkje vil ha meiningar om. VØR har betalt ut godtgjersle for 2019 etter regelverket godkjent i representantskapet i 2004. Vi vil vente med utbetaling for 2020 til representantskapet har handsama ny sak om godtgjersle, basert på fastsette prinsipp i kommunestyra.

*k) Godtgjering av eigarrepresentantane skal fastsetjast og betalast av kommunen sjølv som eigar.*

Svar: VØR har betalt ut godtgjersle til dei som sat i representantskapet valt av kommunestyret i 2015 og dermed tidligare godtgjersleregime. Men vil ikkje gjere det frå og med desember 2019 med visning til Kommunestyret sitt vedtak i sak 16/19. Vi oppfattar vedtaket og slik at dette gjeld krav om vederlag for tapt arbeidsinntekt.

*l) Jamleg revidering av etiske retningslinjer for selskapsdrifta*

Svar: VØR har hatt etiske retningslinjer sidan 2002 og revidert disse ved behov for endring. På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak vert dei no underlagt årleg revisjon.

## **Revisor sin anbefaling til delrapport 2.**

*a) Kommunestyrerepresentantane bør få ytterlegare opplæring i rolla og ansvaret sitt som eigar av selskap.*

Svar: Dette punktet retter seg mot kommunen som eigar av både VØR og andre selskap.

*b) Kommunen og kommunen sine eigarrepresentantar bør sikra at representantskapet behandlar alle saker som dei er pålagde i vedtektene.*

Svar: Representantskapet handsamar alle saker som dei er pålagde i vedtektene. Planar har vore handsama ein gang i valperioden med rullering av handlingsplanane årleg. Dette har no kommunestyra vedteke skal skje årleg, og det følgjer vi opp.

*c) Kommune bør utarbeide og leggje fram eigarskapsmelding for kommunestyret (dette vertlovpålagt etter den nye kommunelova).*

Svar: Dette rettar seg mot kommunen og ikkje VØR.

*d) Kommunestyret bør jamleg behandla styringsdokument og avtalar som gjeld Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS.*

Svar: Dette rettar seg mot kommunen og ikkje VØR

*e) Det bør haldast eigarmøte mellom kommunane som eigar, styret og dagleg leiar.*

Svar: Når kommunestyra inviterar til eigarmøte, vil VØR sjølv sagt stille opp.

*f) Kommunestyret bør vurdere om dei i større grad bør velje sentrale folkevalde som eigarrepresentantar i selskapet.*

Svar: Dette er eit vedtak som rettar seg mot kommunestyra sine val av medlemmar i representantskapet i VØR. Dette har ikkje VØR sine folkevalde organ eller administrasjon meiningar om.

Representantskapet for sin del som er den med legalitet til å velje styre, har utnemnd ei valnemnd som skulle finne kandidatar til VØR sitt styre utifrå at ein ynsker ei styresamansetning med god og ulik fagkompetanse.

**g) Frist for innkalling med sakliste til representantskapet må følgje IKS-lova og sendast ut minst fire veker før møtet.**

Svar: Dette er lovfesta i lov om Interkommunale selskap, og sentral lova har rang framfor lokal selskapsavtale. Frå og med andre halvår 2019 er dette gjennomført konsekvent, og vil verte vidareført i tråd med lovteksten i IKS lova sjølv om selskapsavtalen truleg ved ein inkurie, har kortare innkallingsfrist.

**h) Kommunestyret som eigar bør syte for at omsynet til selskapet sitt behov for kompetanse vert vektlagt når eigarrepresentantane skal velja styre i selskapet, uavhengig av dei politiske maktforholda i kommunestyret.**

Svar: Representantskapet og ikkje kommunestyret, er den som har legalitet etter lova til å velje styre. Representantskapet har utnemnd ei valnemnd som skal finne kandidatar til VØR sitt styre utifrå at ein ynsker ei styresamansetning med god og ulik fagkompetanse.

**i) Styret må få tilstrekkeleg opplæring, særleg innan fagområdet renovasjon, selskapsdrift, styroller og det juridiske ansvaret som ligg på styremedlemmane.**

Svar: Styret og representantskapet får ved inngangen til ny valperiode opplæring om selskapet og lovgrunnlaget ein er pålagt å styre etter. For denne valperioden vart dette gjennomført 16 desember 2019. I mai 2020 slik det vart gjort i mai 2016, er det lagt opp til opplæring med KS advokatane saman med styra i dei andre selskapa i regionen. Romsdalshalvøya Interkommunale renovasjonsselskap(RIR) , Ålesundsregionen sitt interkommunale renovasjonsselskap (ÅRIM) og Bingsa Næring AS. Vidare er det denne gangen lagt opp til synfaring hos RIR, eit selskap det er naturleg å samanlikne seg med. I tillegg er det varsla opplæring i regi av Vest Kontroll, slik det var for fire år sidan. Utover dette er styret sine medlemmar inviterte til å vere med på den nasjonale avfallskonferansen og det vert planlagt synfaringar hos dei andre naboselskapa.

**j) Styret bør leggja fram årsrapport om styring og leiing av selskapet til representantskapet. Her kan det vera naturleg å informera om resultatet av styreevalueringa.**

Svar: Styret har gjennomført årleg eigenevaluering siste seks åra. Hovedtema i eigenevalueringa har vore roller, ansvar og oppgåver og gjennomført som eit seminar. Likeeins er det i same perioden laga ein årleg plan for styret som syner kva aktivitetar ein planlegg å gjennomføre for det komande året, og det er laga oversyn over saker handsama og kva aktivitetar ein har delteke i på vegne av selskapet. Eigenevaluering og aktivitetsplan vert no samla til ein årsrapport om styring og leiing og lagt fram for representantskapet i samband med framlegging av dei andre årsrapportane. Plikta til å lage slik årsrapport vert å innarbeide i styreinstruks.

**k) Det bør innførast ordning med numeriske vararepresentantar til styret.**

Svar: Dette vert å innarbeide i instruks for valnemnda og vedteke av representantskapet.

**l) Godtgjersla til eigarrepresentantane i representantskapet bør fastsetjast av kommunestyret som eigar og betalast av kommunen og ikkje selskapet.**

Svar: VØR har betalt ut godtgjersle til dei som sat i representantskapet valt av kommunestyret i 2015 og dermed vedteke godtgjersleregime i den perioden. Frå og med desember 2019 vil vi ikkje betale ut verken godtgjersle eller dekke tap på arbeidsinntekt i samband med møte, med visning til Kommunestyret sitt vedtak i sak 16/19.

**m) Kommunestyret bør ha ein prinsipiell diskusjon om godtgjering av styreverv.**


Svar: Dette er ei sak som kommunestyra må ta, og som VØR sitt styre og administrasjon ikkje vil ha meiningar om. VØR har betalt ut godtgjersle for 2019 då dei fleste møte har vore avvikla før kommunestyra gjorde sitt vedtak. Vi vil vente med utbetaling for 2020 til representantskapet har handsama ny sak om godtgjersle, basert på fastsette prinsipp i kommunestyra.

**n) Dei som har verv knytt til Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS, bør registrera alle verv i KS sitt styreregister.**

Svar: Dette er eit ansvar som ligg til kvar einskild representant, og som det vil verte oppmoda om å etterleve.

**o) Selskapet sine etiske retningslinjer bør jamleg reviderast av styret.**

Svar: VØR har hatt etiske retningslinjer sidan 2002 og revidert disse ved behov. På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak vert dei no underlagt årleg revisjon.



Petter Bjørdal  
Dagleg leiar VØR

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS  
Torvmyrane 29  
6160 Hovdebygda

Volda Kommunestyre  
ved Ordfører Sølvi Dimmen  
postmottak@volda.kommune.no

Dykkar ref: Sak 16/19 KSTV

Vår ref: Petter Bjørdal

Dato: : 12.02.2020

## **Sak: Oppfølging av kommunestyresak 16/19 KSTV Forvaltningsrevisjon av Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR)**

Kommunestyret i Volda gjorde slikt vedtak i sak 16/19 KSTV

Vedtak:

- 1. Kommunestyret tek selskapskontrollen av Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR IKS) del 1 og 2 til vitende*
- 2. Kommunestyret ber om at VØR IKS følger revisor sine anbefalingar i del 1.*
- 3. Kommunestyret ber rådmannen leggje fram ny sak om Rutinar for kommunen si eigarstyring, med utgangspunkt i Kommunenes Sentralforbund (KS) sine anbefalingar.*
- 4. Kommunestyret pålegg representantskapet (Volda sine medlemmer) å sjå til at VØR følger revisor sine anbefalingar i del 1, og gir tilbakemelding til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet innan 15.03.2020.*

### **Representantskapet**

Representantskapet sin leiar har på bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak punkt 4, bedt dagleg leiar i VØR å gjere greie for kva tiltak som vert sett i verk for å etterleve kommunestyret sitt vedtak. innan fristen som kommunestyret har sett, 15.03.2020.

### **Oppfølging av forvaltningsrevisjon delrapport 1 og 2.**

I vedtaket punkt 2. ber kommunestyret om at VØR skal følgje opp punkta i delrapport 1 og kommunen i delrapport 2. Når vi går ned i dei einskilde punkta ser vi at delrapport 1 og delrapport 2 rettar seg dels mot kommunen og dels mot VØR sin verksemd.

Vi har derfor valt å kommentere alle punkta i begge rapportane, og gjort greie for kva tiltak VØR har sett i verk og kva tiltak vi meiner ligg til kommunen å følgje opp.

I teksta nedanfor har vi utheva i kursiv og feit skrift tilrådingane vedtekne i kontrollutval / kommunestyre. VØR sitt svar til punktet kjem direkte etterpå.

## **Delrapport 1.**

### **a) Opplæring av kommunestyrerepresentantane i rolla som eigar av selskap.**

Svar: Dette punktet er adressert til VØR, men vi ser det slik at dette må rette seg mot kommunen som eigar av både VØR og andre selskap kommunen har eigarskap i.



**b) Utarbeiding og framlegging av eigarskapsmelding for kommunestyret (dette vert eit krav etter den nye kommunelova).**

Svar: VØR har vidareutvikla sin eigarskapsmeldinga slik at den no strengt følgjer KS sin anbefaling. Eigarskapsmeldinga vert lagt ved Årsmelding og Rekneskap som del av årsoppgjeret 2019. Meldinga er planlagt godkjent i Representantskapet i VØR den 28 april, og sendt over til kommunane etter det.

**c) Jamleg revidering av styringsdokumentar og avtalene som regulerer styringa av dei ulike selskapa.**

Svar: VØR vil i løpet av 2020 verte sertifisert i høve den internasjonale kvalitetsstandard ISO 9001. Retura Søre Sunnmøre vart godkjent med ISO sertifikat i 2016. Årleg revisjon av styringsdokumenta som her er nemnde, er ein del av den dokumentasjonen som kravst for å oppnå ISO sertifikat. Avtalane som regulera styringa av dei to selskapa har vore årleg handsama i dei to selskapa sine styre sidan Retura Søre Sunnmøre AS vart stifta, og vil og vere det i framtida.

**d) Eigarmøte**

Svar: VØR stiller på eigarmøte når kommunestyra som eigar ber om det. Vi håper eigar kan sette av tid til dette minst ein gang pr. år.

**e) Vedtektsfesting av frist for innkalling til møta i representantskapet.**

Svar: Dette er lovfesta i lov om Interkommunale selskap, og sentral lova har i juridisk forstand, rang framfor lokal selskapsavtale. Frå og med andre halvår 2019 er dette gjennomført konsekvent, og vil verte vidareført i tråd med lovteksten i IKS lova sjølv om selskapsavtalen truleg ved ein inkurie frå kommunen, har kortare innkallingsfrist.

**f) Bruk av valnemnd ved val av styre.**

Svar: Representantskapet i VØR konstituerte seg i møte 16.12.2019. På møtet valde dei ei valnemnd som no er i arbeid.

**g) Tiltak som kan bidra til å sikre nødvendig kompetanse i styra og betre oppfølging t.d. i form av styreinstruks, eigenevaluering, styreseminar om roller, ansvar og oppgåver, årleg plan for styret og samla utgreiing om styring og leiing av selskapet i ein årsrapport.**

Svar: Styreinstruks vert å godkjenne av representantskapet på møtet 28 april som ein del av overordna styringsdokument i VØR. Dette går inn som del av ISO godkjenninga av VØR. Jfr. Punkt c) ovanfor.

Styret har gjennomført årleg eigenevaluering siste seks åra. Hovedtema i eigenevalueringa har vore roller, ansvar og oppgåver og gjennomført som eit seminar. Likeeins er det i same perioden kvart år, laga ein plan for styret som syner kva aktivitetar ein planlegg å gjennomføre for det komande året, og det er laga oversyn over saker handsama. Eigenevaluering og aktivitetsplan vert no samla til ein årsrapport om styring og leiing og lagt fram for representantskapet i samband med framlegging av dei andre årsrapportane.

**h) Bruk av numerisk vararepresentantar til styre**

Svar: Dette vert å innarbeide i instruks for valnemnda og vedteke av representantskapet.

**i) Faste rutinar i styret for å handtera moglege habilitetskonfliktar**

Svar: Habilitet er omhandla i kommunelova § 13-3 og § 11-10 og i Forvaltningslova kap. II § 6 -§ 10. Vi opplever at styret sine medlemar gjennom år har utvist gode kunnskapar om habilitetsreglane. Og det er viktig at dette vert handtert korrekt i høve truverdet til vedtak fatta i VØR. Punkta vert derfor tatt inn som del av styreinstruks.

*j) **Diskusjon i kommunestyret om kva for prinsipp som skal liggja til grunn for godtgjering av styreverv.***

Svar: Dette er ei sak som kommunestyra må ta, og som VØR sitt styre og administrasjon ikkje vil ha meiningar om. VØR har betalt ut godtgjersle for 2019 etter regelverket godkjent i representantskapet i 2004. Vi vil vente med utbetaling for 2020 til representantskapet har handsama ny sak om godtgjersle, basert på fastsette prinsipp i kommunestyra.

*k) **Godtgjering av eigarrepresentantane skal fastsetjast og betalast av kommunen sjølv som eigar.***

Svar: VØR har betalt ut godtgjersle til dei som sat i representantskapet valt av kommunestyret i 2015 og dermed tidligare godtgjersleregime. Men vil ikkje gjere det frå og med desember 2019 med visning til Kommunestyret sitt vedtak i sak 16/19. Vi oppfattar vedtaket og slik at dette gjeld krav om vederlag for tapt arbeidsinntekt.

*l) **Jamleg revidering av etiske retningslinjer for selskapsdrifta***

Svar: VØR har hatt etiske retningslinjer sidan 2002 og revidert disse ved behov for endring. På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak vert dei no underlagt årleg revisjon.

## **Revisor sin anbefaling til delrapport 2.**

*a) **Kommunestyrerepresentantane bør få ytterlegare opplæring i rolla og ansvaret sitt som eigar av selskap.***

Svar: Dette punktet retter seg mot kommunen som eigar av både VØR og andre selskap.

*b) **Kommunen og kommunen sine eigarrepresentantar bør sikra at representantskapet behandlar alle saker som dei er pålagde i vedtektene.***

Svar: Representantskapet handsamar alle saker som dei er pålagde i vedtektene. Planar har vore handsama ein gang i valperioden med rullering av handlingsplanane årleg. Dette har no kommunestyra vedteke skal skje årleg, og det følgjer vi opp.

*c) **Kommune bør utarbeide og leggje fram eigarskapsmelding for kommunestyret (dette vertlovpålagt etter den nye kommunelova).***

Svar: Dette rettar seg mot kommunen og ikkje VØR.

*d) **Kommunestyret bør jamleg behandla styringsdokument og avtalar som gjeld Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS.***

Svar: Dette rettar seg mot kommunen og ikkje VØR

*e) **Det bør haldast eigarmøte mellom kommunane som eigar, styret og dagleg leiar.***

Svar: Når kommunestyra inviterar til eigarmøte, vil VØR sjølvsagt stille opp.

*f) **Kommunestyret bør vurdere om dei i større grad bør velje sentrale folkevalde som eigarrepresentantar i selskapet.***

Svar: Dette er eit vedtak som rettar seg mot kommunestyra sine val av medlemar i representantskapet i VØR. Dette har ikkje VØR sine folkevalde organ eller administrasjon meiningar om.

Representantskapet for sin del som er den med legalitet til å velje styre, har utnemnd ei valnemnd som skulle finne kandidatar til VØR sitt styre utifrå at ein ynsker ei styresamansetning med god og ulik fagkompetanse.

**g) Frist for innkalling med sakliste til representantskapet må følgje IKS-lova og sendast ut minst fire veker før møtet.**

Svar: Dette er lovfesta i lov om Interkommunale selskap, og sentral lova har rang framfor lokal selskapsavtale. Frå og med andre halvår 2019 er dette gjennomført konsekvent, og vil verte vidareført i tråd med lovteksten i IKS lova sjølv om selskapsavtalen truleg ved ein inkurie, har kortare innkallingsfrist.

**h) Kommunestyret som eigar bør syte for at omsynet til selskapet sitt behov for kompetanse vert vektlagt når eigarrepresentantane skal velja styre i selskapet, uavhengig av dei politiske maktforholda i kommunestyret.**

Svar: Representantskapet og ikkje kommunestyret, er den som har legalitet etter lova til å velje styre. Representantskapet har utnemnd ei valnemnd som skal finne kandidatar til VØR sitt styre utifrå at ein ynsker ei styresamansetning med god og ulik fagkompetanse.

**i) Styret må få tilstrekkeleg opplæring, særleg innan fagområdet renovasjon, selskapsdrift, styrerolla og det juridiske ansvaret som ligg på styremedlemmane.**

Svar: Styret og representantskapet får ved inngangen til ny valperiode opplæring om selskapet og lovgrunnlaget ein er pålagt å styre etter. For denne valperioden vart dette gjennomført 16 desember 2019. I mai 2020 slik det vart gjort i mai 2016, er det lagt opp til opplæring med KS advokatane saman med styra i dei andre selskapa i regionen. Romsdalshalvøya Interkommunale renovasjonsselskap(RIR) , Ålesundsregionen sitt interkommunale renovasjonsselskap (ÅRIM) og Bingsa Næring AS. Vidare er det denne gangen lagt opp til synfaring hos RIR, eit selskap det er naturleg å samanlikne seg med. I tillegg er det varsla opplæring i regi av Vest Kontroll, slik det var for fire år sidan. Utover dette er styret sine medlemar inviterte til å vere med på den nasjonale avfallskonferansen og det vert planlagt synfaringar hos dei andre naboselskapa.

**j) Styret bør leggja fram årsrapport om styring og leiing av selskapet til representantskapet. Her kan det vera naturleg å informera om resultatet av styreevalueringa.**

Svar: Styret har gjennomført årleg eigenevaluering siste seks åra. Hovedtema i eigenevalueringa har vore roller, ansvar og oppgåver og gjennomført som eit seminar. Likeeins er det i same perioden laga ein årleg plan for styret som syner kva aktivitetar ein planlegg å gjennomføre for det komande året, og det er laga oversyn over saker handsama og kva aktivitetar ein har delteke i på vegne av selskapet. Eigenevaluering og aktivitetsplan vert no samla til ein årsrapport om styring og leiing og lagt fram for representantskapet i samband med framlegging av dei andre årsrapportane. Plikta til å lage slik årsrapport vert å innarbeide i styreinstruks.

**k) Det bør innførast ordning med numeriske vararepresentantar til styret.**

Svar: Dette vert å innarbeide i instruks for valnemnda og vedteke av representantskapet.

**l) Godtgjersla til eigarrepresentantane i representantskapet bør fastsetjast av kommunestyret som eigar og betalast av kommunen og ikkje selskapet.**

Svar: VØR har betalt ut godtgjersle til dei som sat i representantskapet valt av kommunestyret i 2015 og dermed vedteke godtgjersleregime i den perioden. Frå og med desember 2019 vil vi

ikkje betale ut verken godtgjersle eller dekke tap på arbeidsinntekt i samband med møte, med visning til Kommunestyret sitt vedtak i sak 16/19.

**m) Kommunestyret bør ha ein prinsipiell diskusjon om godtgjering av styreverv.**


Svar: Dette er ei sak som kommunestyra må ta, og som VØR sitt styre og administrasjon ikkje vil ha meiningar om. VØR har betalt ut godtgjersle for 2019 då dei fleste møte har vore avvikla før kommunestyra gjorde sitt vedtak. Vi vil vente med utbetaling for 2020 til representantskapet har handsama ny sak om godtgjersle, basert på fastsette prinsipp i kommunestyra.

**n) Dei som har verv knytt til Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS, bør registrera alle verv i KS sitt styreregister.**

Svar: Dette er eit ansvar som ligg til kvar einskild representant, og som det vil verte oppmoda om å etterleve.

**o) Selskapet sine etiske retningslinjer bør jamleg reviderast av styret.**

Svar: VØR har hatt etiske retningslinjer sidan 2002 og revidert disse ved behov. På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak vert dei no underlagt årleg revisjon.



Petter Bjørdal  
Dagleg leiar VØR

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS  
Torvmyrane 29  
6160 Hovdebygda

Kommunedirektør i Volda Kommune  
Rune Sjurgard  
Kommunedirektør i Ørsta Kommune  
Wenche Solheim  
Leiar i representantskapet Jan Henning Egset  
Leiar i styret for VØR John Helge Bjørndal

Dykkar ref:

Vår ref: Petter Bjørndal

Dato: 12.02.2020

**SAK: Spørsmål om utvida samarbeid / samanslåing av VØR med andre renovasjonsselskap.**

Representantskapet i VØR gjorde vedtak i sak 09-19 den 08.10.19 vedkomande samarbeid evt. samanslåing med andre selskap. Saka vart oversendt kommunane tidleg i oktober 2019.

Etter dette vedtaket har det skjedd ei utvikling, ved at Romsdalahalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (RIR) som utfører kommunal renovasjon på vegne av kommunane i Romsdal, og Ålesundsregionen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (ÅRIM) som utfører kommunal renovasjon for kommunane på Nordre Sunnmøre, har gjort liknande vedtak. Motivasjonen er at selskapa opplever at dei kvar for seg er for små til å møte alt kjende nasjonale krav som er stilt til bransjen, og som skal gjennomførast i dei komande år.

I disse selskapa lyder vedtaket at styret og administrasjon har fått i oppgåve å legge fram eit avgjerdsgrunnlag i form av ein intensjonsavtale som skal fram for styrande organ komande haust. Styret i VØR har på bakgrunn av denne utviklinga, vedteke at VØR skal delta i dette utgreiingsarbeidet.

Samarbeid / samanslåing var elles tema på eit fellesmøte mellom Romsdal og Sunnmøre regionråd no før jul, der det vart oppmoda til å greie ut spørsmålet.

I oppfølginga av vedtaket i sak 09-19 og på grunn av utviklinga i saka, vil vi med dette be om eit møte med kommunedirektørane i eigarkommunane våre, leiar i representantskapet i VØR og styreleiar i VØR, der det vert informert om status og der saka vert drøfta med vekt på å få til ein så god prosess på utgreiingsarbeidet som råd.



MVH  
Petter Bjørndal  
Dagleg leiar

## **Utskrift av vedtak i sak: 22-20. Vedtak i medhald av § 2 i vedtektene. Hentefrekvens sanitært avlaupsvatn i tett tank for fritidshus utan innlagt vatn.**

Vedtak ( 5 røysteføre):

Forskriftene § 14 b) får slike tillegg:

- Fritidshus / hytter utan innlagt vatn, og med tett oppsamlingstank for sanitært avlaupsvatn skal tømast ved behov, minimum kvart andre år.
- Vilkår for å kunne nytte tett oppsamlingstank er at mottakstanken har montert alarmsystem som varslar før tanken er full.

Vedtaket er gjort med heimel i forskriftene for renovasjon og slam sin § 2. Tredje ledd siste avsnitt og § 14 b) i same forskrift.

### *Saksutgreiing*

Hentefrekvens for tøming av slamavskiljarar og tette tankar og handtering av avlaupsslam for sanitært avlaupsvatn, er regulert gjennom lovverket og i dei lokale renovasjons og slamforskriftene.

I lovverket er avlaup omtala i Forureiningslova § 26, 29, 32 og 11. I Forureiningsforskrifta Del 4 Avlaup, er dette omtala i kapittel 11,12,13,15, 15A og 16. Ikkje alt har relevans for denne saka, men eg tar breidda i omtalen med for å syne at dette er eit etter måten viktig område for lovgjevar å ha styring på. Bakgrunnen er sjølvsagt samfunnet sin trong for å sikre seg mot spreiding av smitte og sjukdom frå sanitært avlaupsvatn.

I dei lokale forskriftene er slam omtala i eige kapittel 2. §13, 14, 15, 16, 17 og 18.

Forskriftene for Volda og Ørsta Kommunar vart sist handsama hausten 2019, og der vart tømefrekvens for tette tankar fastsett til kvart år, slik det har vore i Volda og Ørsta så lenge eg kjenner til.

I Hornindal har hovudregelen og vore slik. Men med unntak for nokre abonnentar med typiske fjellhytter og som ikkje har innlagt vatn, men vatn i cisterne for toalett med sanitært avlaupsvatn som går til tett tank.

Frå Årim får vi opplyst at dette er heilt vanleg i innlandet av Noreg i typiske fjellhytteområder. Bakgrunnen er ynskje om å hindre at uønska bakteriar som oppstår i høgareliggande områder, vert spreidd til lågareliggande områder. Dermed er løysinga oppsamling i tett tank av sanitært avlaupsvatn. Fritidshuset elles har ikkje innlagt vatn.

### *Forslaget til vedtak*

Det som no kjem opp burde vore med i forskriftsendringa sist sommar / haust. Når så ikkje skjedde og det heller ikkje kom inn merknader til det under høyringsprosessen, er det opp til styret å gjere det naudsynte vedtak med heimel i forskriftene for renovasjon og slam sin § 2. Tredje ledd siste avsnitt og § 14 b)

I følgje § 2 og 14 b) har styret i VØR rett til å gi nærare retningslinjer for gjennomføring av avgjerdene i forskrifta.

Eg rår då til å ta inn to punkt, som i sitt innhald er likt med tidligare Hornindal Kommune sine slamforskrifter, slik det går fram av tilrådinga til vedtak.

Petter Bjørdal  
Dagleg leiar

Fra: NFFA <post@e.nffa.no>  
Sendt: 27. mars 2020 11:33  
Til: Petter Bjørdal  
Emne: Tross korona-tiden: Mange NFFA-medlemmer må forberede seg på 2025

No images? [Click here](#)



### Tross korona-tiden:

## NFFA-medlemmer må forberede seg på 2025 bl.a. hva gjelder separat innsamling av farlig avfall.

Innen 2025 må det i henhold til rammedirektivet for avfall tilrettelegges for separat innsamling av farlig avfall fra husholdningene. Samtidig settes økte krav til næringslivet om utsortering, levering og rapportering knyttet til husholdningslignende avfall. NFFAs juridiske rådgiver, Einar Bratteng, har gjort en bred analyse av virkningene og utarbeidet et notat i samarbeid med NFFAs sekretariat.

Bratteng påpeker bl.a. mulige økte utfordringer knyttet til logistikk, kapasitet for mellomlagring samt ansvar for å finne nedstrømsløsninger for det avfallet som skal samles inn separat. Gjenvinningsmålene kan ikke nås ved å benytte forbrenning med energiutnyttelse som virkemiddel, noe som trolig vil medføre økt kapasitet for materialgjenvinning, konkluderer NFFAs juridiske rådgiver.

Notatet representerer en overordnet vurdering ut fra foreliggende informasjon p.t.

[Notatet kan leses her!](#)

***For løpende, oppdatert informasjon spesielt om korona-situasjonen: Se [nffa.no](http://nffa.no) (eget felt øverst på siden).***

Norsk forening for farlig avfall (NFFA)  
Kammegaten 1, 3110 Tønsberg  
post@nffa.no - [www.nffa.no](http://www.nffa.no)

Dette nyhetsbrevet sendes til medlemmer av NFFA.

## Petter Bjørdal

---

**Fra:** Petter Bjørdal  
**Sendt:** 29. mars 2020 15:00  
**Til:** 'Eldar Engelund'  
**Emne:** SV: Reduserte oppningstider pga Korona situasjonen  
**Vedlegg:** 20200329142831449.pdf

Hei igjen.

Utifrå det de skriv, så trur eg det er på sin plass å klargjere og dokumentere vårt vedtak om å redusere opningstid og å innføre avgrensing i talet kundar som vi har på anlegget til ei kvar tid.

At eg oppfattar dykkar synspunkt som personleg kritikk, gjer eg ikkje. Det er ikkje det det handlar om. Om den som sit i min stol heiter Hansen, Olsen eller Bjørdal, handlar dagens situasjon kort fortalt om å følge sentrale og lokale vedtak om smittevern. Å hindre at Covid-19 spreier seg og ikkje minst smittar samfunnskritisk personale.

I praksis inneber dette å hindre at nokon gjeng opp i kvarandre på avfallsanlegget vårt og såleis bryte regelen om å halde minst 2 meter avstand til andre. Dette har vi dessverre sett andre stadar i landet, som og har resultert i at dei har stengt alt. Til dømes i Oslo.

Våre Covid-19 tiltak skiljer seg ikkje mykje frå andre selskap sine tiltak. Likt for alle selskapa som har ope, er at kundar vert oppmoda om å utsetje sine besøk på miljøstasjonen. Deretter vert opningstida redusert og talet personar inne til ei kvar tid avgrensa..

I Årim er stasjonane i Stordal, Nordal, Haram, og Vestnes stengt. Dei andre stasjonane til Årim har redusert opningstid.

Hos Nomil er stasjonen i Bremanger stengt. I Florø er opningstida halvert. På Sandane slusar dei inn kundar, slik at ikkje for mange kundar er på anlegget til ei kvar tid. Kontoret er stengt som hos oss.

Eg har vidare lagt ved fleire brev / vedtak som gjeld for oss, og som vi ikkje har høve til å overprøve.

Det første gjeld e-post frå Fylkesmannen som går på kva tiltak vi har sett i verk for å sikre eige personale og vikarar for disse. I brevet er der eit vedlegg frå Miljødirektoratet som slår fast at innsamling av avfall er samfunnskritisk, mellom anna for å hindre smittespreiing.

Tiltak for å redusere tal personar på anlegget og dermed møtepunkt mellom personar utanfrå og eigne tilsette, er ei av dei vi har iverksett, og kanskje det viktigaste.

i tillegg har vi strenge interne krav om reinsemd som å ikkje ta med arbeidskle frå skiten sone inn i rein sone.

Vidare er der eit avisutklipp frå ei av lokalavisene, som siterar kommunedirektøren i Volda. I dette intervjuet representerar han smittevern ansvaret. Rådet er kort og tydeleg. Unngå kontakt, hald deg heime og fyl retningslinene.

De etterlyser informasjon. Aviser Tv og Internett har mykje informasjon, og sidan de etterspør VØR informasjon, så har vi både på Facebook og på heimesida vår, artiklar.

<https://www.vor.no/endra-opningstider-paa-miljoestasjonen.6295577-469681.html>

Til slutt tar eg med ein mail frå styreleiar:

Hei, styret er i allfall klare på sitt syn. Sikkerheit for dei tilsette på VØR, er det viktigste av alt No. Leiinga og dei tilsette gjer ein kjempejobb. Og dei tiltak som no er iverksette, gjer at vi er klare til innsats når denne situasjonen endrar seg. Mvh Jon Helge Bjørndal styreleiar i VØR

Håper dette er klargjerande.

**Med venleg helsing**





**Petter Bjørdal**

Dagleg leiar

Dir.tlf: 474 58 132

priv: 932 15 901

petter@vor.no

**Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS**

Tlf: 70 04 86 00

www.vor.no

---

**Fra:** Eldar Engelund <eldar.i.engja@hotmail.com>

**Sendt:** 27. mars 2020 22:04

**Til:** Petter Bjørdal <petter@vor.no>

**Kopi:** 'Jan Henning Egset' <je@sivolda.no>; 'Jon Helge Bjørndal' <jon.helge.bjorndal@politikar.no>

**Emne:** Sv: Reduserte oppningstider pga Korona situasjonen

Hei i gjen og takk for svar.

Eg er sjølvsagt innfortått med alle pålegg /retningslinjer, både frå Regjering,Storting og Fylkesmann. Men en viktig del av det og være Folkevald er og være ombudsmann for innbyggerane. Når eg då fekk to ulike henvendelsar frå Øyra krins, samme dag skeiv eg denne eposten.

Eg har sjølv ikkje grunnlag for og uttale meg om værken kø lengde eller kor godt eller dårlig sjølve motaksordninga fungerer, då eg sjølv ikkje har anna erfaring med anlegget eller eit møte i rep.skapen.

Dersom de oppfatta dette som personleg kritikk beklagar eg det. Det var ikkje intensjonen min.

Men når de skriv at *med det bakteppet, kjem e-posten dykkar i eit spesielt lys* må eg seie meg uenig.

Dett er godt mulig at det er fleire innbyggara (både i Volda og Ørsta) som har samme oppfatning som desse to.

Og ikkje ta slike "påstandar" til etterretning, kan fort skape langt meir misnøye og negativ oppmerksomheit rundt selskapet en nødvendig.

Avfalls handtering er eit område som folk har sterke meiningar om. Kan t.d nemne kor mykje oppstyr det vart for ÅRIM i Sula i haust.

"ei fjer kan fort bli til fem høns" er eit ordtak som er mykje brukt.

Kan vertfall være en ide og grunnkje/ argumentere litt meir ovenfor publikum kvifor en gjer tiltaka som en gjer.

Kanskje en ide og skrive på heimesida, Facebook og event heimesidene til kommunane at folk må belage seg på noke lenger ventid, sidan færre kan være inne på samme tid til dømes.

Håpar dette var oppklarande,

God Helg!

Eldar Engelund

**Fra:** Petter Bjørndal <[petter@vor.no](mailto:petter@vor.no)>

**Sendt:** fredag 27. mars 2020 07:34

**Til:** 'Eldar Englund' <[Eldar.i.Engja@hotmail.com](mailto:Eldar.i.Engja@hotmail.com)>

**Kopi:** 'Jan Henning Egset' <[je@sivolda.no](mailto:je@sivolda.no)>; 'Jon Helge Bjørndal' <[jon.helge.bjorndal@politikar.no](mailto:jon.helge.bjorndal@politikar.no)>

**Emne:** SV: Reduserte oppningstider pga Korona situasjonen

Hei

Regjering og eit samla storting er det som styrer, og meldinga derifrå er å redusere aktiviteten i samfunnet mest mogleg for å slå ned pandemien som herjar. Mange avfallselskap har tatt meldinga derifrå på alvor, og stengt heilt. Nokre har stengt delvis, deriblant VØR.

Vår vurdering er at det er direkte umusikalsk i høve statleg politikk å halde fullt oppe. Det er og uansvarleg i høve at innsamling av avfall / VØR sitt personale er del av ein kritisk samfunnsfunksjon som må skjermast så langt som råd og må gå uansett. Ingen er tente med dei tilstandane ein kan få dersom innsamling av avfall stoppar opp fordi VØR sitt personale ligg nede pga. corona.

Som samfunnskritisk organ, har vi fått brev frå Fylkesmannen om å risikovurdere og sette i verk tiltak for å hindre spreiding av corona og å sikre at personalet vårt slik at renovasjon kan gå som normalt.

Med det bakteppet, kjem e-posten dykkar i eit spesielt lys.

Først. Kjø ned til flyplasskrysset. Det er godt over ein kilometer det. Styret hadde møte tysdag ettermiddag, og reiste når køa var på det lengste. Kl 16.00 idet vi opna. Kjø ned til øverste avkjørsla til Aurstad. Ca 50 meter. 50 meter er normalt når vi har normalt oppe men då er køa inne på området. Frå vekta og bort i svingen til hageavfallet, pluss fullt oppe.

Dei som har vendt seg til deg, kan umogleg har vore på anlegget å sett korleis ting var organisert sist tysdag. Folk sat i bilane sine i kø. I bilane smittar dei som sit i kø ingen.

Kjø framfor vekta var det fram til kl 18.00 Mellom 18 og 19 var det ingen kø.

Kjø må alle rekne med denne tida. Prøv å gå på apoteket.

Vedkomande som sat i vekta slusa vi inn så mange som vi fann forsvarleg, slik at ingen gikk oppi kvarandre inne på stasjonen. Av omsyn til kundane og av omsyn til våre tilsette, som også er kritisk samfunnspersonale som neste morgon skulle ut på rute for å samle inn avfall.

Omdømme.

«Til lags åt alle kan ingen gjera.» At der er personar ute i samfunnet som meiner at dei corona tiltaka som rammar ein sjølv er tøys, er der sikkert. (truleg folk som ikkje reknar seg som risikogruppe)

I den situasjonen vi er i no, handlar det ikkje om å gi etter for disse. Jfr. Diskusjonen som går i media om hytteopphald. Myndighetene står han av likevel. Fordi det er rett overfor kommunar med lågt folketal og av den grunn liten stab som kan ta seg av mange sjuke tilflyttarar.

At enkelte meiner det ikkje er så farleg når det kjem til dei som arbeida med avfall, er også ein del av enkelte i samfunnet sine haldningar. Disse har ikkje fått med seg tida vi lever i er mitt svar.

Vi lever i eit moderne samfunn. Næringslivet vårt sel tenester over heile verda, og flyr meir enn nokon gong før. Enkelpersonar reiser meir enn før. Sjå i disse dagar kor mange som er corona faste i alle deler av verda, som har problem med å kome seg heim. Smitte og sjukdom vert raskare enn før flytta over kontinentgrensene og landegrensene. Og i eit slik samfunn må renovasjon gå utan opphald. Avfall må handterast på skikkeleg måte, og det er vårt oppdrag å sørge for at det skjer.

Vi har redusert opningstida fram til over påske, slik samfunnet elles har. Deretter vert det gjort ei ny vurdering. Nasjonal politikk vil telje tungt då og.

**Med venleg helsing**



**Petter Bjørdal**

Dagleg leiar

Dir.tlf: 474 58 132

priv: 932 15 901

[petter@vor.no](mailto:petter@vor.no)

**Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS**

Tlf: 70 04 86 00

[www.vor.no](http://www.vor.no)

---

**Fra:** Eldar Engelund <[Eldar.i.Engja@hotmail.com](mailto:Eldar.i.Engja@hotmail.com)>

**Sendt:** 27. mars 2020 00:07

**Til:** Petter Bjørdal <[petter@vor.no](mailto:petter@vor.no)>

**Emne:** Reduserte oppningstider pga Corona situasjonen

Hei Petter,

Har fått henvendelsar i frå innbyggera i Volda som stiller spørsmål vedrørande dei reduserte oppningstidene på Miljøstasjonen i HovdeBygda.

Føremålet i likheit med alle andre ekstraordinere tiltak, i desse tider er og hindre/ redusere spredning av COVID-19.

Dei som har henvedt seg til meg meiner at reduserte oppningstider har motsatt effekt og kan være med og auke smittefaren når fleire skal inn på kortare oppningstid. Det blir og sagt at det skaper lange køar ned mot "flyplass krysset" som hindrar/ er til fare for trafikken.

Alt med at mange fleire en normalt er blitt permiterte, er det vel og mange som skal nytte "fri tida si" på og rydde eigedommane sine, nåke som i gjenn genererar meir trafikk til miljøstasjonen.

Går ut i frå at de vurderer situasjonen fortløpande og vurderer om en må utvide åpningstidene i gjen, slik at intensjonen med tiltaket blir i varetatt.

No er eg temmelig ny i "VØR sammenheng" men vi bør og tenke på omdømmet til selskapet og missfornøgde kundar (innbyggera) er vel nåke vi som selskap skal jobbe for og ungå. Det kan fort bli "syting" i både sosiale og tradisjonelle meidia av slikt..

Beste helsing

Eldar Engelund

Kommunestyre medlem Volda Sp

Medlem av Representantskapet i VØR

## Petter Bjørdal

---

**Fra:** VØR Resepsjon-Fellespost  
**Sendt:** 17. mars 2020 13:58  
**Til:** Petter Bjørdal  
**Emne:** VS: Avfall og avløp er en samfunnskritisk funksjon. - Beredskapsplaner

**Fra:** Dahl, Christian <fmmrchda@fylkesmannen.no>  
**Sendt:** 17. mars 2020 13:52  
**Til:** VØR Resepsjon-Fellespost <firmapost@vor.no>  
**Kopi:** Gjenstad, Guro Eidskrem <fmmrgugj@fylkesmannen.no>; Austvoll, Gunnhild Liva <fmmrguau@fylkesmannen.no>  
**Emne:** Avfall og avløp er en samfunnskritisk funksjon. - Beredskapsplaner

Miljødirektoratet kom i går med en presisering om hvilke deler av verdikjedene for avfall og avløp som kan ha en samfunnskritisk funksjon.

<https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/nyheter/2020/mars-2020/samfunnskritisk-personell-innen-avfall-og-avlop/>

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil oppfordre virksomhetene til å gjennomgå sine beredskapsplaner med tanke på å sikre at virksomhetene har tilgjengelige bemanning og kartlegge mulighet for vikarer. Virksomhetene bør også ha gjort en prioritering av arbeidsoppgaver i tilfelle man opplever redusert kapasitet i bemanningen, og vurdere hvordan dere kan best mulig utnytte lagerkapasitet og nedstrømsløsninger.

Kontaktpersoner hos Fylkesmannen:  
Christian Dahl [fmmrchda@fylkesmannen.no](mailto:fmmrchda@fylkesmannen.no)  
Gunnhild Liva Austevoll [fmmrguau@fylkesmannen.no](mailto:fmmrguau@fylkesmannen.no)  
På grunn av hjemmekontor er det best å ta kontakt på e-post.

Med venleg helsing

**Christian Dahl**  
fagleiar - forureining



**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

Telefon: 71 25 84 19  
E-post: [fmmrchda@fylkesmannen.no](mailto:fmmrchda@fylkesmannen.no)  
Web: [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)

# Samfunnskritisk personell innen avfall og avløp

Vi har vurdert hvilke deler av verdikjedene for avfall og avløp som kan ha en samfunnskritisk funksjon og kritisk personell kan ha rett på et tilbud.

---




Publisert 16.03.2020

---

Tilbudene vedtas av regjeringen, herunder Helsedirektoratet.

Det er viktig å presisere at den enkelte virksomhet må ta del i vår felles nasjonale dugnad og gjøre en selvstendig og kritisk vurdering av hva som er helt nødvendig personell for å holde kritiske samfunnsfunksjoner operative. Dette må gjøres i tråd retningslinjene fra regjeringen. Miljødirektoratet eller andre nasjonale myndigheter vil ikke gå inn og gi "godkjenning" i enkeltsaker.

Vi viser til brev fra Helsedirektoratet av 12. mars 2020 om vedtak etter lov om vern mot smittsomme sykdommer § 4-1 andre ledd om møteforbud og stenging av virksomhet. Her åpnes det for at kritisk personell som utfører samfunnskritiske funksjoner ut fra gitte vilkår har rett til enkelte tilbud.

- › [Brev fra Helsedirektoratet](#) 
- › [Liste over kritiske samfunnsfunksjoner](#) 
- › [Lov om vern mot smittsomme sykdommer](#) 

## Farlig avfall

Miljødirektoratet anser at deler av verdikjeden som sikrer helse- og miljøforsvarlig håndtering av farlig avfall i noen sammenhenger er

samfunnskritisk. Det vil være dersom det ikke finnes tilstrekkelig lagringskapasitet, lagring er forbundet med alvorlig risiko for helse eller miljø eller at stans kan innebære at annen samfunnskritisk industri eller tjenester kan stanse opp.

Kritiske deler av denne verdikjeden omfattes dermed av Helsedirektoratets vedtak, og innebærer at barn av kritisk personell kan gis et tilbud selv om barneskoler og barnehager er stengt.

Med verdikjeden for farlig avfall menes blant annet: sjåfør, ansatte på mottaks- og mellomagings-anlegg for farlig avfall og ansatte på behandlingsanlegg for farlig avfall, herunder ansatte som gjennomfører mottakskontroll siden dette er avgjørende for sikkerheten på anleggene. For å opprettholde forsvarlig behandling av farlig avfall, kan det over tid være kritisk at nasjonal produksjon av kjemikalier/innsatsvarer til avfallsbehandlingen sikres. Også nøkkelpersonell hos produsenter og leverandører av slike kjemikalier/innsatsvarer eller annet kritisk utstyr eller tjenester for å opprettholde forsvarlig drift av anlegg for behandling av farlig avfall, kan vurderes som samfunnskritisk.

Det understrekes at det kun er kritisk personell tilbudet skal gjelde for, og kun for den håndteringen av farlig avfall som er nødvendig for å sikre forsvarlig håndtering.

## Annet avfall

Miljødirektoratet anser deler av verdikjeden for husholdnings- og næringsavfall som samfunnskritisk. Dette gjelder innsamling, transport, mottak, lagring og nødvendig behandling av avfall som kan gi problemer med lukt, skadedyr, smitteproblemer eller brannrisiko om det ikke får forsvarlig håndtering.

Dette gjelder også for anlegg som tar imot restprodukter fra samfunnskritiske avfallsbehandlingsanlegg som ikke har tilstrekkelig lagringskapasitet til restproduktene, eksempelvis flyveaske fra avfallsforbrenning. Videre gjelder det for biologiske

● Koronasituasjonen i Ørsta-Volda torsdag

# Ni smitta

Fram til torsdag hadde i alt ni personar i Ørsta og Volda fått påvist koronasmitte. Ein ørsting fekk påvist smitte onsdag, og ein volding torsdag.

Hittil er 120 ørstingar og 159 voldingar testa, og eit tjuetals personar i Ørsta-Volda venta torsdag på prøveresultata. Begge kommunane går ut frå at det er mørketal for smitta i lokalsamfunnet.

### Alvor

– Ingen av oss veit kor store mørketala er, men dei vert lågare dersom folk tek smitta på det største alvor, unngår kontakt, held seg mest mogleg heime og er nøye med hygien, seier kommunedirektør Rune Sjugard i Volda.

– Dette viruset er uhyre aggressivt, og difor må folk følgje retningslinjene.

### Sjukehuset

På Volda sjukehus var det torsdag ingen pasientar med påvist koronasmitte. Og der gjer ein alt for å minimere sjansen for at det skjer smitte innanfor sjukehus-veggene:

– Difor isolerer og koronatestar vi alle pasientar som får symptom på forkjøling, er litt snufsete eller har sår hals. Det kan til dømes vere ein blind-



**TESTING:** Nær 280 har hittil blitt korona-testa i Ørsta og Volda, og av desse har ni fått påvist smitte. FOTO: SVEIN NORDAL

tarm-pasient som får små teikn til forkjøling, seier Knut Nautvik, som er leiar i lokalt kriseteam på Volda sjukehus.

### Korona-sjukehus

Sjukehuset har avsett ein fjerdedel av medisinsk avdeling til koronapasientar. Inntil vidare elleve sengar, men med høve til oppjustering til 22. Om heller ikkje dette skulle vere nok, har ein oppretta ei kriseløysing.

Nilletun på Mork-senteret kan takast i bruk som «reserve-sjukehus» dersom smittepresset vert ekstra stort i tida som kjem. På Nilletun er det 14 plassar, som kan takast i bruk om kapasiteten på Volda sjukehus vert sprengd.

### Karantene-reglar

Fylkesmannen har sterkt oppmoda kommunane i fylket om å innføre 14 dagars karantene for personar som kjem til fylket frå Vestland og Austlandet. Dei aller fleste har innført dette, men ikkje Ørsta, Volda og Ulstein kommunar, som følgjer dei statlege retningslinjene.

– Men dette kan fort bli endra. Fredag skal vi ha skypemøte med fylkesmannen, og eit heitt spørsmål blir då desse karantene-bestemmelsane. Elles må eg seie at det er frustrerende at reglane er ulike kommunane imellom, seier ordførar i Ørsta, Stein Aam.

**SVEIN NORDAL**  
svein.nordal@morenytt.no

sert. Det er ille, men elstestyresmakter har jar å bli synleg. Vi skal remse det kraftig. Det alt for å hindre smitte valt har det vore noka n.

er knytt til om sjuke-helsevesenet klarer å undling når det etter med koronapasientar. ingar om at det mest at helsevesenet skal iltaka så langt har hatt

Det har det vore brei cal dei dramatiske tiltale? Det blir ei stadig t dilemma for dei sty-

## ● Tiltaka kostar, g kostnaden er kje likt fordelt

teppe der.

est utsett, og dei vert i ane til regjeringa, ifølge ikkje minst i reiselivet,

ir same støttetiltak som Stortinget ordne opp i. å handle lokalt, feriere Og handle lokalt kan vi e butikkane er opne.

## Stengt til over påske

Skular og barnehagar i Noreg er stengt til over påske.

Fredag 13. mars vart alle norske skular og barnehagar stengde

fram med å følge nasjonale tiltak og halde oss mest mogleg for oss sjølve og unngå kontakt med andre. Vi oppfordrar også om at berre ein husstandsmedlem går på butikken, og at vedkomande vaskar seg godt på

minister Bent Høie at folk bør unngå å vere fleire enn fem personar saman ute, og at folk bør halde minst to meter avstand innandørs.

Ifølge Folkehelseinstituttet er det ein risiko for at opptil nesten 224 000 personar kan verte

